



KVAM HERAD
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lill Mona Solberg, 5764 3105

Avslutting av tilsyn

Vi har gjennomført tilsyn med kommunen i perioden frå 30. august 2023 og fram til i dag. Temaet for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen varslar, undersøker og set inn tiltak i samsvar med regelverket for skulemiljøsaker. Vi har undersøkt kommunens internkontroll og praksis ved Øystese skule.

I vårt vedtak datert 15. desember 2023 vart de pålagde å rette brot på regelverket. Vi sette frist for retting til 1. april 2024. De sendte inn utgreiing og erklæring om at forholda er retta den 22. mars 2024.

Når vi skal vurdere kommunens retting må vi ta stilling til om dei tiltaka de har gjennomført er tilstrekkelege til å etablere ein ny praksis i samsvar med regelverket, og om det er sannsynleggjort at kommunen kjem til å følgje den nye praksisen over tid.

Vårt pålegg, kommunens retting og vår vurdering

I tilsynsrapporten påla vi kommunen å sikre at alle som arbeider på skulen varslar i samsvar med regelverket om elevane sitt skulemiljø. Vidare at skulen og skuleeigar undersøker så raskt som saka tilseier og gjer dei undersøkingane som ein ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forvente. Vi påla også kommunen å sikre at de vurderer kva tiltak som er eigna, at desse blir jamleg evaluert og at de lagar ein skriftleg plan når de set inn tiltak i ei sak.

I brevet frå 22. mars 2024 skriv de om tiltak som skulen og kommunen har gjennomført og planlegg å gjennomføre for å sikre at system og praksis er i samsvar med regelverket. De har sendt inn ein handlingsplan som viser oversikt over pålegg, tiltak, kven som er ansvarleg og fristar. De har i tillegg sendt inn oppdaterte rutinar som de viser til i handlingsplanen.

Om arbeid med aktivitetsplikta

Når det gjeld arbeid med varslingsplikta viser de til at sentrale tiltak er å styrke bruken av skulens rutinar, skjema og arbeid med felles forståing av varslingsplikta. De skriv at skulen no arbeider med å få ei felles forståing kring terskelen og av varslingsrutinane. Skulens personale trenar mellom annan på situasjonar ved hjelp av caseøvingar.



Øystese skules førebyggjande plan for eit trygt og godt skulemiljø for perioden 2024-2026 skal vise breidda i skulens skulemiljøarbeid og er knytt opp mot kommunens samla rutinar og prosedyrar på området. I planen går det fram korleis skulen skal arbeide med undersøking på elev- og gruppenivå. Sentralt i dette arbeidet er BTI-rettleiaren nivå 0¹ og kommunens rutine for aktivitetsplikta i kvalitetssystemet.

Det går fram av dokumentasjonen som er sendt inn at rektor er ansvarleg for å sjå til at BTI blir bruk i arbeidet med å undersøke i skulemiljø saker. Kommunen skriv vidare at kommunes BTI-koordinator har hatt tett kontakt med skulane inneverande skuleår for å gjere synleg og modellerer bruken og følgje opp av BTI i skulemiljø saker.

Rektor er ansvarleg for at rutinane for å undersøke blir innarbeidde på skulen ved jamleg påminning og gjennomgang. Avdelingsleiarane og miljørettleiarene skal hjelpe personalet med å gjennomføre nødvendige kartleggingar og avdelingsleiarane skal syte for at etterarbeid etter kartleggingar blir gjort. Det står i den innsendte handlingsplanen fokus på miljørettleiar si rolle og mandat i skulemiljø saker har vore eit tiltak.

Kommunen skriv at det er utarbeidd rutine for analyse av resultat etter undersøkingar for å sikre eigna tiltak. I *Plan for kartlegging og analyse trygt og god skulemiljø* ser vi at det er skissert systematiske og jamlege undersøkingar av relasjonar og klasseundersøkingar på alle årssteg. Det er òg laga ei rettleiing for korleis skulen skal analysere og følgje opp det undersøkinga viser. Her står det at relasjonskartleggingar og analysar skal gjerast i trinnmøte. Skuleeigar har laga eit idébank med tiltak for individ, gruppe – og systemnivå til støtte i arbeidet med å lage ein aktivitetsplan. Idébanken er knytt til rutinane i kvalitetssystemet.

Om å tilpasse internkontrollen, avdekke og sette inn tiltak

Kommunen skriv at arbeidet med kvalitetsdialogar står sentralt i internkontrollarbeidet. Vidare er det gjort tiltak gjennom arbeidet med å revidere rutinar og rapporteringsskjema, BTI og rolleavklaring i 9 A-saker.

I den innsendte handlingsplanen for oppfølging av tilsynsrapporten står det på side 2 at «skuleeigar startar opp med kvalitetsdialog som ein del av internkontrollen skuleåret 2024/25. I denne dialogen skal aktivitetsplikta vere eit fast tema.»

Kommunen har sendt inn dokumentet *Heilskapleg system for kvalitetsdialogar i Kvammaskulen*. Dokumentet er eit utkast og omtaler eit systematisk arbeid om kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling mellom skuleeigar og skuleleiinga, i lag med lærarar, elevar og føresette. I dokumentet blir det vist til at dei systematiske kvalitetsdialogane mellom anna skal bidra til internkontroll og ein føresetnad for arbeidsforma er at den byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag.

Det skal gjennomførast tre planlagde kvalitetsdialogar årleg. I april/mai skal skulen i samband med *leiardialog 3* gjennomføre eigenvurdering etter felles mal for kommunen. Spørsmåla som skal svarast på er knytt til kommunens kvalitetsplan for skule, skulens utviklingsmål, kommunale satsingsområde og særleg utfordrande område. Vert det avdekt kritiske område, som til dømes manglande kjennskap til gjeldande regelverk eller anna, vil leiar for skule og den aktuelle rektoren lage ein skriftleg avtale om å følgje dette opp.

I samband med oppstart av nytt skuleår og innan 1. oktober skal skuleeigar og skulens rektor og leiargruppe ha leiardialog 1. Tema her er leiing og styring gjennom å avklare mål, ambisjonar og forventningar til skulen på sentrale indikatorar for elevane sin trivsel og læring. Det skal utviklast planar for korleis skulen skal nå måla. Ein av indikatorane som ligg til grunn for denne dialogen er

¹ [Bedre Tverrfaglig Innsats - BTI - forebygging.no](https://www.ostese.no/Bedre-Tverrfaglig-Innsats-BTI-forebygging.no)



skulen sitt systematiske arbeid med aktivitetsplikta kapittel 9 A. Her står det at det skal gjennomførast stikkprøve av rutinar for varsling, undersøking, tiltak, evaluering og dokumentasjon.

I perioden november til 11. desember skal skuleeigar, leiargruppe og rektor gjennomføre leiardialog 2 som har undervegsvurdering som tema. Her skal arbeidet med kapittel 9 A ha ei ekstra vektlegging. Også her er det lagt inn stikkprøve av rutinar for varsling, undersøking, tiltak, evaluering og dokumentasjon. Revidering og utvikling av planar på skule- og avdelingsnivå er sett opp som etterarbeid og oppfølgingspunkt.

Vi registrerer elles at det går fram av den innsendte handlingsplanen at skuleeigar har utarbeidd ein overordna ROS og beredskapsplan for skule og SFO. Her vil ein finne aksjonskort for svært alvorlege mobbesituasjonar står det. Dette tiltaket er utført og rektor skal ha gjennomgang av dette den 29. mai 2024.

Det er òg slik at etter dei halvårlege undersøkingane av skulemiljøet skal rektor skal rapportere til skuleeigar i påfølgjande rektormøte som ein del av kommunens plikt til å ha internkontroll, står det i kartleggingsplanen.

Kommunen har gjennom eit systematisk oppsett vist korleis skulen og skuleeigar har arbeidd for å rette pålegga som gjeld skulens praksis for å varsle, undersøke og sette inn tiltak i skulemiljøsaker. Det er tidfesta gjennomføring for alle tiltaka som skuleeigar og skulen har sett i verk eller er i ferd med å gjennomføre.

I tilsynet har vi undersøkt om kommunen har eit tilpassa internkontrollsystem der ein avdekker og set inn tiltak for å hindre og førebyggje brot på aktivitetsplikta. Vi fann at kommunen responderer på risiko og set inn tiltak, men at tiltaka ikkje er resultat av ei heilskapleg risikovurdering eller systematisk arbeid med elementa i kommunelova § 25-1.

Vi legg til grunn at kommunen etablerer systematikken kring internkontrollarbeidet gjennom systemet for kvalitetsdialogar i skulesektoren sin. Kommunen legg opp til å hente inn informasjon systematisk innanfor ei rekkje predefinerte område, mellom anna særleg utfordrande område. Vi legg vidare til grunn at utveljinga av desse særlege områda er basert på ei vurdering av risiko og konsekvens. Dersom det vert avdekka kritiske område i samband til med eigenvurderingsprosessen vil dette bli følgt opp av skuleeigar med eigen avtale. Utover prosessen kring eigenvurderingane ser vi òg at skuleeigar som ein del av sin internkontroll skal hente inn informasjon frå skulane sine halvårlege undersøkingar av skulemiljøet. Det er òg lagt inn stopp-punkt gjennom skuleåret der skuleeigar skal gjere stikkprøvekontroll av skulens praksis i skulemiljøsaker.

Vi vurderer at systematikken kommunen skildrar kan vere eigna til å systematisk tilpasse rutinar og prosedyrar for å varsle, undersøke, sette inn tiltak og dokumentere i skulemiljøsaker. Vi vurderer vidare at kommunen skildrar eit system der ein legg opp til å avdekke avvik og risiko for avvik og vil følge dette opp med korrigerande tiltak.

Basert på utgreiinga og erklæringa dykkar, finn vi det sannsynleggjort at de har retta forholda. Vi avsluttar derfor tilsynet.

Takk for samarbeidet.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Lill Mona Solberg
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent